

# Bedriftsdemokratinemndas protokoll 6/2007

## Historisk arkiv

Publisert under: Regjeringen Solberg

Utgiver: Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Dato: 04.05.2007

Vedtak ble truffet i følgende saker: Grenland Group ASA. Simula Research Laboratory. Norges Automobil Forbund. Nord-Trøndelag Elektrisitetsverk Holding AS. Component Software Group/Component Software ASA. ASKO Øst AS. Odim ASA.

**Møte i Bedriftsdemokratinemndas arbeidsutvalg fredag 4. mai 2007.**

Vedtak ble truffet i følgende saker:

- Sak BDN-200701863 Grenland Group ASA
- Sak BDN-200701895 Simula Research Laboratory AS
- Sak BDN-200700822 Norges Automobil Forbund
- Sak BDN-200701981 Nord-Trøndelag Elektrisitetsverk Holding AS
- Sak BDN-200701555 Component Software Group/Component Software ASA
- Sak BDN-200702100 ASKO Øst AS
- Sak BDN-200701964 Odim ASA

Følgende medlemmer deltok i møtet:

Gudmund Knudsen

Ingebjørg Harto

Gro Granden

Fra sekretariatet møtte Maria Gangsaas Sogn og Bodil Stueflaten.  
Møtet varte fra klokken 0900 – 1030.

## **2. BDN-200701895 Simula Research Laboratory AS**

I brev datert 29. mars 2007 søker valstyret ved Simula Research Laboratory AS om unntak frå kravet til skriftleg form i representasjonsføresegna § 9 andre ledd, for å få gjennomført dei komande vala av tilsettrepresentantar til styret i Simula Research Laboratory AS (styremedlem og varamedlem) som elektroniske val .

Bakgrunnen for søknaden er et ynskje om å gjennomføre val på ein enklast og best mogeleg måte for dei tilsette. Selskapet har til ei kvar tid fleire personar på reise, og fleire er tilsett i små stillingsbrøker og har ikkje sin daglege arbeidsplass i selskapet sine lokalar.

Simula er eit selskap som driv forskning på IT, og alle har tilgang til PC. Elektronisk val vil innebere i praksis at langt fleire av dei tilsette vil ha lettare tilgang til å stemme enn ved eit tradisjonelt skriftleg val.

Simula er eit aksjeselskap kor staten eig 80 %, Norsk Regnesentral 10 % og Sinvent 10 %. Selskapet har 78 tilsette, av desse er 14 kvinner og 64 menn.

I søknaden er det opplyst at blant anna kravet til anonymitet vil bli ivareteke.

Søknaden er fremma av valstyret ved valstyret sin leiar, og godkjent av selskapet si leiing. Leiaren av valstyrets er i tillegg leiar av lokallaget til Tekna, som er einaste fagforeining i Simula.

Bedriftsdemokratinemnda sitt arbeidsutval viser til at det er semje mellom selskapet og lokal fagforeining om søknaden.

Arbeidsutvalet set som vilkår at valsystemet tek omsyn til tryggleik og hemmelighald på ein tilfredsstillande måte. Arbeidsutvalet reknar vidare med at omsynet til anonymitet blir ivareteken og at valet elles gjennomførast i samsvar med representasjonsføresegna sine regler, under dette at valsystemet gjer det

mogleg å gjennomføre valet som forholdstalsval og i valkrinsar. Det er dessutan ein føresetnad at forholdet til personopplysningslova blir ivareteken.

Arbeidsutvalet godkjenner på desse vilkåra søknaden om å avhalde framtidige val av dei tilsettes representantar til selskapet sitt styre som elektroniske val.

Arbeidsutvalet gjer merksam på at dersom dei tilsette ynskjer å gå tilbake til representasjonsføresegna si normalordning for val, kan lokal fagforeining eller eit fleirtal av dei tilsette søkje Bedriftsdemokratinemnda om dette.

Arbeidsutvalet fattar slikt

**vedtak:**

"I medhald av aksjeloven § 6-4 fjerde ledd jf. representasjonsføresegna §§ 5 og 9 andre ledd og Bedriftsdemokratinemnda sitt vedtak 23. januar 2006 om delegasjon av nemnda si myndigheit, godkjenner arbeidsutvalet under dei føresetnader som går fram av utvalets merknadar, at det nyttas eit elektronisk valsystem ved val av tilsettes representantar ved val til styret i Simula Research Laboratory.AS"